

## Fyrsteslåttun unnagjort på ei veke.

28.06.2020



Fossheim Maskin har hatt nokre travle veker i juni med å berga fyrsteslåttun. Bilete er frå Leite på Myklebust.

**For meir enn ei veke sidan var fyrsteslåttun ferdig. Det meste av skrapslåttun er også slegen. Fossheim Maskin ved Kjetil Fossheim driv stort med grasberging. Han har komplett utstyr med slåmaskin, pressa og riva. Nokre av bøndene i Uskedalen har utstyr og gjer deler av jobben sjølve. Utviklinga går mot meir spesialisering der ein leiger inn entreprenør for rask og effektiv hausting.**

Kvaliteten er god og volumet er stort. Hans Reidar Kjærland fortel til Kvinnheringen at kvaliteten er god på grovforet, noko som er viktig. Kraftfor kan ikkje erstatta grovforet. Kvaliteten i fjor var ikkje så god. Volumet var det ikkje noko å sei på. Noko kjølig mai er årsaka til den gode fyrsteslåttun i år.

Mange er ferdige med skrapslåttun alt. Det var ofte kantslåttun som stod att til langt utpå sommaren. No er det andre tider. Dersom det let seg gjera, brukar mange beitepussaren til denne jobben. Dermed vert det slege og stelt langs vegar, kantar og i meir brattlendt terreng.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal